

Vegnummer: Fv 5510  
 Kommune: Fedje  
 Prosjekt: 2019-240  
 Saksnummer: 2020/2374  
 Sakshandsamar: Odd-Sverre Johansen

## Kjøpekontrakt

### Kjøpar

Vestland fylkeskommune

### Seljar

Fedje kommune, eigar av gnr. 168 bnr. 122 og 335 i Fedje kommune

Adresse: Stormarkvegen 49, 5947 Fedje

### 1. Kontrakten gjeld

Seljar avstår nødvendig grunn og tilhøyrande rettar til bygging/utbetring av Fv 5510  
 Rammetiltak Fedje.

Inngrepet/avståinga er vist med orange farge på kartskissene.

Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljar grunnen med alle påståande innretningar,  
 vegetasjon, matjord med vidare.

### 2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Type erstatning	Mengde	a kr	Sum kr
Grunn råtomt (132 m <sup>2</sup> )	168/122	rund sum	kr 5 000,-
Grunn vegkant (6 m <sup>2</sup> )	168/335	rund sum	kr 0,-
<u>Total erstatning:</u>			<u>kr 5 000,-</u>

#### a) Oppgjær

Det er gjort oppmåling av grunnavståinga og erstatninga ovanfor er med dette endeleg.  
 Utbetaling vert gjort når kontrakten er underteikna av begge partar. Ved utbetaling vert det  
 lagt til 3% rente p.a. frå dato grunnen vart tatt i bruk og fram til utbetaling skjer.

#### b) Atterhald om panthavarar

Kjøpar tek etterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan  
 utbetalast. Det er kjøpar som innhentar dette samtykket.

### 3. Spesielle kontraktvilkår

Ingen spesielle kontraktvilkår

### 4. Generelle kontraktvilkår

Desse generelle kontraktvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje

Kjøpesummen skal dekkje avståing av grunn og rettar, samt alle skadar og ulemper som har samanheng med avståinga, eller med det vegiltak det ervervas til fordel for.

Erstatning for skade og ulempe som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Flytting av gjerde og andre innretningar

Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljar skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljar skal plassere gjerdet etter tilvising frå kjøpar.

c) Leidningar

Kjøpar utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår.

d) Avkøyrslar og tilkomstforhold

Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Kjøpar har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstveggar i framtida.

e) Tiltreding av eigedommen

Kjøper kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

f) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne kontrakten er inngått, slik at kontrakten blir registrert i matrikkelen (jf. § 48 i føresegn til matrikkellova). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

g) Tinglysing

Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr. 168 bnr. 122 og 335. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå kjøpar. Kjøpar er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

## 5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Seljar  **FEDJE KOMMUNE**  
**ORDFØRAREN**  
Stad/dato

13/10 Fedje  
For Fedje kommune


944 041 036  
Organisasjonsnummer










3490 05 20400  
Bankkontonummer til seljar


Kjøpar





For Vestland fylkeskommune

821 311 632  
Organisasjonsnummer



 <b>Vestland fylkeskommune</b>		<b>Arealoppgjør</b>		
Kommune <b>Fedje</b>		Vegnr. <b>Fv. 5510</b>		
Gnr/Bnr/Fnr <b>168/122</b>		Prosjektnr. 2019-240		Målestokk 1:500 
Forretningsdato 24.08.2021		Styrer/Landmåler Stine Anthonsen		
Ny grense for vegparsell: 		Gamal grense (utgår): 		Uendreda grenser: 
Uendreda grenser: 		Nymålt nabogrense: 		
Arealoppgjør  Avslått areal (132 m2)				



 <b>Vestland fylkeskommune</b>		<b>Arealoppgjør</b>		
Kommune <b>Fedje</b>		Vegnr. <b>Fv. 5510</b>		
Gnr/Bnr/Fnr <b>168/335</b>		Prosjektnr. 2019-240		Målestokk 1:250 
Forretningsdato 24.08.2021		Styrer/Landmåler Stine Anthonsen		
Ny grense for vegparsell: 		Gamal grense (utgår): 		Uendreda grenser: 
Uendreda grenser: 		Nymålt nabogrense: 		
Arealoppgjør  Avslått areal (6 m2)				